



VANG KOMMUNE  
Tyinvegen 5161  
2975 VANG I VALDRES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Linn Christin Myhrer Rueslåttén, 61 26 60 59

## Vedtak - Utsleppsløyve for kommunalt avlaupsvatn og overvatn i Vang kommune

---

**Statsforvaltaren vedtar med dette krav i løyve etter forureiningslova for utslepp av avlaupsvatn og overvatn frå Tyinkryssset tettgrend og Vang avlaupsnett til Beito RA.**

**Vi vedtar samstundes gebyrsats for Statsforvaltarens sakshandsaming.**

---

Statsforvaltaren vedtar nytt utsleppsløyve for kommunalt avlaupsvatn frå Tyinkryssset tettgrend og Vang avlaupsnett til Beito RA. Løyvet ligg vedlagt dette brevet. Vedtak, saksframstilling og våre vurderingar følger nedanfor.

Vi gjer merksam på at ramma i dette løyvet berre er marginalt større enn dagens utslepp ved maksimal belastning. Kunnskapen om resipienten si toleevne er ikkje god nok til å sannsynleggjere at ei ytterlegare auke i utslepp til Fløgstrøndfjorden kan akseptast. Fordi det er planar om ei vesentleg auke i storleiken på tettgrenda, er det viktig at Vang kommune iverksett prøvetaking og berekning av resipientkapasitet, slik at utsleppa frå tettgrenda ikkje kjem i strid med vatnforskrifta sine føresegner om vasskvalitet. Frist for å klassifisere resipientens kjemiske og biologiske tilstand, og berekning av resipientkapasitet for utslepp av reinsa avlaupsvatn, går fram av tabell 1 i punkt 1.2 i utsleppsløyvet.

### Bakgrunn og saksgang

Vang kommune har eit eksisterande utsleppsløyve for kommunalt avlaupsvatn frå Tyinkryssset tettgrend datert 11.04.2016. Løyvet er gitt av kommunen sjølv, og regulera ei maksimal avlaupsmengde tilsvarande 1990 pe<sup>1</sup>.

Tyinkryssset reinseanlegg tilførast meir enn ramma på 1990 pe, og må utvidast for å kunne handtere både noverande og planlagd auka belastning. Utslepp frå tettgrender over 2000 pe regulerast av

---

<sup>1</sup> Personekvivalentar (pe) er definert i forureiningsforskrifta kapittel 1, 11-3 bokstav m: Den mengde organisk stoff som brytast ned biologisk med eit biokjemisk oksygenforbruk målt over fem døgn, BOF5, på 60 g oksygen per døgn. Avløpsanleggets størrelse i pe bereknast på grunnlag av største vekentlege meng som samla går til overlaup, reinseanlegg eller utslippspunkt i løpet av året, med unntak av uvanlege forhold som for eksempel skyldast kraftig nedbør.

forureiningsforskrifta kapittel 14 der Statsforvaltaren er forureiningsmyndigheit. Vang kommune har derfor søkt Statsforvaltaren om nytt utsleppsløyve, slik at anlegget kan utvidast og utsleppet regulerast og følgast opp i tråd med riktig regelverk og myndigheit.

Søknaden har låge ute til offentleg gjennomsyn på kommunens og Statsforvaltarens nettsider, og har vore kunngjort i Avisa Valdres. Det var berre Mattilsynet som kom med høyringsuttale til søknaden. Vang kommune skal ha fått kopi av uttala, og vi har lagt til grunn at kommunen varetek innspela frå Mattilsynet.

### **Førehandsvarsel av nytt løyve**

Statsforvaltaren trur ikkje at nytt løyve kjem til å føre til særleg auka forureining frå avlaupsanlegget og leidningsnettet til Vang kommune ettersom utsleppsramma berre er marginalt større enn det som tilførast reinseanlegget i dag. Auka ramme for løyvet vurderast derfor å være av «mindre miljømessig betydning», jf. forskrift om begrensning av forureining (forureiningsforskrifta) § 36-9, punkt b. Utkast til nytt løyve og varsel om vedtak vart difor berre sendt til Vang kommune for kommentarar. Tenesteområda som ikkje har vore involverte i søknadsprosessen, men som kunne ha relevante opplysningar om utslepp, forureining eller naturmiljø, vart bedne spesielt om å komme med ein uttale om saka.

Vang kommune hadde to merknader til utkastet. Den fyrste merknaden gjekk ut på at kommunen synes det er mykje å skulle ta 24 årlege avlaupsprøver. Kommunen viser til krava i regelverket, og til at belastninga på Tyinkrysset RA på det jamne er veldig låg. Kommunen bad Statsforvaltaren om å vurdere talet på prøver på nytt, eller eventuelt ta inn eit vilkår om at ein kan redusere talet på prøver frå 24 til 12 per år dersom anlegget overheld alle krav dei fyrste 2 åra.

Statsforvaltaren presiserer at krava i forureiningsforskrifta § 14-11 til antall prøver er *minimumskrav*. Vår erfaring er at reinseanlegg tilknytt tettgrender som består i hovudsak av fritidsbustadar (slik som Tyinkrysset) er utsett for store variasjonar i tilførsler, og at dette skjer mange gonger kvart år (med toppar knytt til sumarferie, haustferie, vinterferie, juleferie og påskeferie). Desse variasjonane er utfordrande for reinseprosessane, og vi erfarer at slike anlegg kan ha problem både ved høg belastning, ved låg belastning, og i overgangane mellom desse. Vi meiner at 12 årlege prøveuttak er for lite til å fange opp og dokumentere desse variasjonane godt nok, og opprettheld difor kravet om 24 årlege prøveuttak. Dersom kommunen på eit seinare tidspunkt meiner at dei kan dokumentere tilførsla, reinsegraden og utsleppa godt nok til å redusere antall prøver, kan det søkast om endring av løyvet. Vi presiserer at kommunen ikkje kan rekne med at krava til prøvetakingsfrekvens reduserast.

Den andre merknaden handla om at Statsforvaltaren skreiv at det var Driftsassistansen i Oppland (DiO), i staden for Norconsult, som hadde berekna tettgrenda si største vekentlege middeltilførsel. Dette er no retta.

### **Om avlaupsanlegga i Vang kommune**

I Vang kommune er det to anlegg som regulerast innanfor forureiningsforskrifta kapittel 14:

- Tyinkrysset reinseanlegg med tilhøyrande leidningsnett
- Vang leidningsnett i Beito reinseanlegg

Vang leidningsnett i Beito reinseanlegg er eit lite leidningsnett med 60 tilknytte fritidsbustadar. Det er ingen installerte overløpspunkt på dette nettet. Det blir stilt krav til å dokumentere påslippet til Øystre Slidre kommune, ved prøvetaking i maksveke.

Vang kommunes avlaupsnett tilknytt Tyinkrysset reinseanlegg er relativt nytt (det eldste er frå slutten av 80-talet), og består av 25 km leidningar, 6 pumpestasjonar og 752 spillvatn-kummar. Det biologisk-kjemiske reinseanlegget var nytt i 2017, og har dei siste åra for det meste hatt gode reinseresultat sjølv om anlegget i periodar har vore overbelasta. Det går fram av søknaden at dagens anlegg skal klare ei reinsegrad på 92 % for total fosfor, 70 % for BOF og 75 % for KOF. Reinseanlegget har i dag ei maksimal kapasitet på 1990 pe. Etter ombygging skal kapasiteten vere auka til 4000 pe, og reinsegraden for total fosfor skal vere auka til 95 %. Vang kommune driftar anlegg og leidningsnett sjølv.

Ramma for utsleppsløyvet settast til 4000 pe med bakgrunn i reinseanlegget sin kapasitet.

Reinsa avlaupsvatn sleppast ut på 1,3 meters djup i Fløgstrøndfjorden, ca. 112 m nord for reinseanlegget.

Tettgrenda Tyinkrysset omfattar tre områder; Tyinkrysset med Opdalstølen og Andsorfeltet, Børrelie og Gudbrandslie, samt Nystuen og Varden. Det er for det meste fritidsbustadar i tettgrenda, men også nokon fast busette og noko næringsverksemd.

Norconsult har på oppdrag frå Vang kommune berekna ein største vekentleg middeltilførsel av avlaupsvatn tilsvarande 3000 pe (BOF<sub>5</sub>) i 2022, 4700 pe i 2032 og 7100 pe i 2050. Statsforvaltaren tek utgangspunkt i *oppgitt maksimal kapasitet i reinseanlegget etter ombygging* når ramma for utsleppsløyvet fastsetjast. Storleiken på tettgrenda er berekna å overskride reinseanlegget si maksimale kapasitet før det har gått 10 år. Det er difor svært viktig at Vang kommune følger nøye med på belastningane på reinseanlegget, og stoppar tilknytning av nye einingar før kapasiteten overskridast.

## Statsforvaltarens vurdering og grunngjeving for vedtaket

### Generelt

Forureiningsmyndigheita, i dette tilfellet Statsforvaltaren, kan etter § 11 i forureiningslova gje løyve til verksemd som kan føra til forureining og sette vilkår for eit slikt løyve, jf. § 16 i forureiningslova. Statsforvaltaren skal etter § 11, femte ledd i forureiningslova *legge vekt på de forureningsmessige ulemper ved tiltaket sammenholdt med de fordeler og ulemper som tiltaket for øvrig vil medføre.*

Etter lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig myndigheit. Desse rettsprinsippa omfattar ei vurdering med tanke på kunnskapsgrunnlaget, «føre-var-prinsippet», samla belastning, miljøforsvarlege teknikkar og at kostnad bæres av den ansvarlege.

Det er verknaden av tiltaket på den aktuelle staden som vurderast. Dersom den ansvarlege seinare ønsker å flytte anlegget som vurderast må det gjerast nye vurderingar.

### Lovgrunnlag og myndigheit

Utslepp av avlaupsvatn kan føre til forureining og vil derfor krevje eit løyve etter forureiningslova.

Vang kommune driftar i dag avlaupsanlegget sitt etter krava i forureiningsforskrifta kapittel 13, og eit løyve frå seg sjølv datert 11.04.2016. Ettersom Tyinkrysset tettgrend har vokse seg større enn 2000 pe, må tettgrenda og anlegget regulerast etter forureiningsforskrifta kapittel 14 frå no.

Det er Statsforvaltaren som er forureiningsmyndigheit for utslepp av avlaupsvatn frå større tettgrender, jf. forureiningsforskrifta § 14-3 og rundskriv T-3/12 frå KMD.

### **Vurdering av forureining frå avlaupsanlegget**

Frå eit avlaupsanlegg kan det komme utslepp av reinsa og ureinsa avlaupsvatn. Ureinsa avlaupsvatn som slepp ut gjennom overlaup på nettet og reinsa avlaupsvatn som slepp ut frå reinseanlegget er kjelder til forureining av vatn og vassdrag. I tillegg er ein det risiko for luktforureining til luft, og forureining med avlaupsvatn til grunn.

For å bøte på desse miljøverknadene stilles det krav til kommunens avlaupssystem i forureiningsforskrifta kapittel 14. Desse krava er minstekrav som er fastsett i EUs avlaupsdirektiv og tatt inn i norsk lovgjeving. Statsforvaltaren kan etter ei vurdering av fordelar og ulemper frå forureininga frå avlaupssystemet setja strengare krav. Normalt vil resipientens toleevne gje grunnlag for dei krava som blir sett. Det er også sentralt i vurderinga kva reinseteknologi som er tilgjengeleg for å avgrensa forureininga.

For å sikre god miljømessig handtering av alt avlaupsvatn frå Tyinkrysset tettgrend og for å motverke forureining, setter Statsforvaltaren krav til kommunens miljørisikovurderingar og handlingsplanar, avlaupsnett, reinseanlegg, utslepp, resipientovervaking m.m. i løyvet.

### **Funksjonskrav til avlaupsnettet – framandvatn og utslepp**

Tilførsel av framandvatn til norske avlaupsanlegg er stor, i gjennomsnitt ca. 40 % av tilførde avlaupsmengder. Store mengd med framandvatn gir dårlegare funksjon og auka utslepp både ved reinseanlegg og frå avlaupsnett. Om lag 30-40 % av dei totale fosforutsleppa kan skuldast framandvatn i norske avlaupsanlegg.

For Tyinkrysset tettgrend veit me ikkje kor mykje framandvatn som tilføres avlaupsanlegget, men sidan avlaupsnettet som nemnd er relativt nytt antar Statsforvaltaren at dette talet er lavt. I utsleppsløyvet sett vi likevel krav til at kommunen skal ha ein plan for reduksjon av framandvatn, sjå punkt 3.1.2 i løyvet. Kommunen må sørge for at innlekking av framandvatn reduserast til eit nivå der tilfredsstillande drift og funksjon av avlaupsanlegget kan oppretthaldast ved årsnormal nedbørsintensitet og avrenning som følgjer av det.

Dersom innlekking av framandvatn reduserast til eit nivå reinseanlegget er dimensjonert og bygd for, skal avlasting av avlaupsvatn via naudoverlaup som følge av årsnormal nedbørsintensitet eller snøsmelting normalt ikkje inntreffe. Kommunen bør fastsetja eit langsiktig overordna funksjonsmål om at slik avlastning ikkje skal førekomme. Statsforvaltaren har ei forventning om at kommunens mål for samla mengd i overlaup settast meir ambisiøst enn løyvet si ramme for maksimalt utslepp og tap.

Løyvet setter enkelte overordna kvalitative funksjonskrav. Desse er langsiktige og vil ikkje nødvendigvis vere mogleg å nå på kort sikt. Vi meiner det formålstenleg at kommunen sjølv talfestar detaljerte funksjonsmål for leidningsnettet og vel hensiktsmessige tiltak for å nå dei langsiktige overordna måla ut frå noverande status og utfordringanes omfang. Kommunen må dokumentera at tiltaka er tilstrekkelege for å sikre ein tilfredsstillande funksjon og tilstand på avlaupsanlegget på sikt. Dette må jamleg vurderast og evaluerast.

Avlaupsanlegget skal haldast ved like og fornyast på ein langsiktig og berekraftig måte, slik at teknisk tilstand og forventa funksjon haldast ved lag til ei kvar tid. Dette er også viktig for å sikre økonomisk rettferd mellom noverande og framtidige generasjonar. Vi meiner at omsynet til å sikre ein god og forsvarleg forvaltning og fornying av avlaupsanlegget best kan takast hand om ved at kommunen sjølv tar ansvar for å finne rett ambisjonsnivå for fornying og prioritering av kva tiltak som utførast.

Dette betyr at det må settast funksjonsmål for drift og at det må utarbeidast tiltaksplanar for fornying av avlaupsanlegget.

### **Konsekvensar grunna framtidige klimaendringar**

Forventa klimaendringar inneber ein betydeleg auka nedbørsintensitet og avrenning mot siste halvdel av dette hundreåret. Det må kartleggast og analyserast kva konsekvensar og moglege driftsproblem dette kan få for avlaupsanlegga. Utan tiltak kan man forvente at problem knytt til innlekk av framandvatn forsterkar seg. Løyvet set derfor krav til at kommunen må gjennomføre ein miljørisikoanalyse og planleggje tiltak for å redusere mengda framandvatn.

### **Krav til reinsing og utslepp**

Intensjonen med reinsing av avlaupsvatn er å redusere mengda næringssalt og mengda organisk materiale som sleppes ut i ein resipient. For mykje organisk materiale i ein resipient kan føre til nedslamming, oksygenmangel eller oksygensvikt. For mykje næringssalt kan føre til eutrofiering. Avlaupsvatnet til Tyinkrysset reinseanlegg skal gjennomgå både fosforfjerning og sekundærreinsing. Krav om fosforreinsing og sekundærreinsing stilles med heimel i forureiningsforskrifta § 14-6.

Fosforreinsing tilseier ein reduksjon i fosformengda i avlaupsvatn på minst 90 %, jf. forureiningsforskrifta § 14-2. I Innlandet fylke har dette kravet vært auka til 95 % for dei aller fleste reinseanlegg. I tillegg har Fylkesmannen i både gamle Oppland og Hedmark satt krav til maksimal konsentrasjon av fosfor i utsleppsvatnet, målt som gjennomsnitt over året, men konsentrasjonskrava har vore noko strengare i tidlegare Oppland fylke. Statsforvaltaren i Innlandet samordnar no krava for alle reinseanlegg i fylket slik at alle får dei same minimumskrava til reinsing og utslepp.

Reinseeffekten av fosfor og konsentrasjon i utsleppet rapporterast inn via dei årlege eigenkontrollrapportane som kommunen sender til miljødirektoratet. Erfaringane frå Innlandet fylke er at reinseanlegga har ein reinseteknologi som klarer å redusere fosformengda med minst 95 % og at anlegga klarar ei utsleppskonsentrasjon på 0,5 mg/l eller lågare. Vi meiner derfor det er riktig å sette krav til 95 % fosforreinsing og eit konsentrasjonskrav på 0,5 mg/l eller lågare. Vidare skal ingen enkeltprøvar overstige ein fosforkonsentrasjon på 1 mg/l (100 % overskriding av konsentrasjonskravet). Krava til fosforreinsing er gitt i punkt 3.2.3 i løyvet.

Sekundærreinskravet i forureiningsforskrifta § 14-2 inneber følgjande minimumskrav:

- BOF<sub>5</sub>: Reinseeffekt på minimum 70 % eller ein restkonsentrasjon i utlaup på maksimum 25 mg O<sub>2</sub>/l.
- KOF<sub>CR</sub>: Reinseeffekt på minimum 75 % eller ein restkonsentrasjon i utlaup på maksimum 125 mg O<sub>2</sub>/l

Sekundærreinskrava skal baserast på enkeltprøvar og ikkje gjennomsnittsverdiar. Med nokre unntak, jf. 14-13, skal alle enkeltprøver oppfylle reinsekravet. Reinsekravet bestemast av forureiningsmyndigheita og kan enten vere reinseeffekt eller konsentrasjon, eller begge deler, jf. tabell 1, vedlegg 1 i avlaupsdirektivet og forureiningsforskrifta § 14-13.

Vi meiner at kravet om reinseeffekt på alt avlaupsvatn gir god sikkerheit for at utsleppet av organisk materiale og fosfor haldast lågt. Det er eit mål at utsleppet av organisk stoff og fosfor skal vere så lågt som mogleg og at reinsinga skal vere stabil. Reinseeffekt-kravet sikrar at kommunen må halde kontroll på innløpskonsentrasjonane og gjer eit insentiv til å unngå for mykje framandvatn inn til reinseanlegget. For tynt innlaupsvatn vil vere vanskeleg å reinse godt nok. For å unngå store

variasjonar i utsleppet av organisk materiale og fosfor stiller Statsforvaltaren også krav til maksimumskonsentrasjonar i enkeltprøver, jf. forureiningsforskrifta § 14-13.

Sekundærreinsekravet for avlaupsvatnet innanfor Tyinkrysset tettgrend skal vere 70 % reduksjon av  $\text{BOF}_5$ , og 75 % reduksjon av  $\text{KOF}_{\text{CR}}$  målt i enkeltprøver. I tillegg må ingen enkeltprøver innehalde ein restkonsentrasjon over 50 mg  $\text{O}_2/\text{l}$  for  $\text{BOF}_5$  eller over 250 mg  $\text{O}_2/\text{l}$  for  $\text{KOF}_{\text{CR}}$ . Nokre enkeltprøver kan likevel avvike frå reinseeffektkravet, jf. forureiningsforskrifta § 14-13.

### Dokumentasjon av utslepp og reinsegrad

Kommunen må dokumentere tilførsle, reinsegrad og utslepp til resipienten. Det skal takast representative prøver av tilførd avlaupsvatn og av reinsa avlaupsvatn ved Tyinkrysset RA, og tilførd avlaupsvatn frå Vang avlaupnett i Beito RA ved påsleppestpunktet i/på grensa til Øystre Slidre. Prøvene skal takast over same tidsperiode og skal takast med jamne mellomrom, jf. forureiningsforskrifta § 14-10.

Med representative prøver av tilførd avlaupsvatn meiner vi følgjande:

1. Prøver av avlaupsvatn frå innløpet til eit reinseanlegg, teke frå eit punkt oppstrøms eventuelle tilbakeføringar av returstraumar som for eksempel rejeaktvatn.
2. Prøver av avlaupsvatn teke frå eit punkt der heile vatn-straumen kan fangast opp og som har god omblending. Eksempel på dette er pumpesump eller utlaup frå pumpesumpar, røyr under trykk, vatnsprang eller kanalar med god vatnrotasjon frå for eksempel lufttilsetjing.

Med representative prøver av reinsa avlaupsvatn meiner vi følgjande:

1. Prøver av avlaupsvatn som ikkje er fortynna med hensikt, og
2. teke frå eit prøvestad der heile vatnstraumen kan fangast opp og som har god omblending.

Med jamne mellomrom meinast det at tidspunktet for prøvetaking fordelast jamt over året og ulike vekedagar. I tillegg må prøvetakinga fange opp maksveka(-vekene) gjennom året.

Utslepp via overlaup ved reinseanlegget skal reknast med i reinsegraden. Utslepp oppstrøms reinseanlegget skal reknast med i leidningsnettets verknadsgrad, men ikkje i reinseeffekt. Dette er i henhold til rapporteringskrav frå EU.

### Analyseparametre og tal prøver

For å dokumentere avlaupsanleggets utslepp skal det takast 24 inn- og utlaupsprøver i året ved Tyinkrysset RA. For Vang avlaupnett til Beito RA skal det takast tilstrekkeleg tal prøver for å dokumentere mengde avlaupsvatn i maksveka. Alle prøver skal analyserast for tot-P,  $\text{KOF}_{\text{CR}}$  og  $\text{BOF}_5$ , men dei skal også analyserast for nitrogeninnhald (tot-N). Det stillast ikkje krav til reinseeffekt eller utsleppskonsentrasjonar for nitrogen, men det er behov for å kartleggje kor mykje nitrogen som tilførast anlegga, og kor stort nitrogenutsleppet er frå Tyinkrysset reinseanlegg.

Det stillast ikkje krav om å analysere avlaupsvatn for innhald av tungmetall. Statsforvaltaren meiner likevel at kommunen bør vurdere å ta dette inn i sitt prøvetakingsprogram.

Krav til analyseparametre og tal prøver er gjeve i tabell 3 i løyvet.

### Oppsamling og behandling av overvatn

Dette løyvet omfattar overvatn som infiltrerer i eller på annan måte påverkar avlaupnettet. Elles ligg val og tilrettelegging av forsvarleg handtering av overvatn utafør rammene til dette løyvet. Overvatn

kan vere årsak til betydelege utfordringar for drifta av reinseanlegg, spesielt i tettgrender med store asfalterte flater. Kommunane bør planleggja og leggja til rette for framtidssrette løysningar for oppsamling, behandling og bortleing av overvatn og flaumvatn. Risikovurderingar og tiltak må baserast på lokale prognoser om framtidig nedbørsintensitet.

For særleg forureina overvatn frå sterkt trafikkerte veger og liknande bør reinsetiltak vurderast. Som utgangspunkt bør slike tiltak etablerast viss partikkelkonsentrasjonen overstig 50 mg SS/l.

### Resipientovervaking

Det er vanleg praksis at Statsforvaltaren stiller krav til forureinarar om overvaking av vatnmiljøet. For avlaupsanlegg over 10 000 pe med utslepp til følsamt område er dette også eit forskriftsfesta krav, jf. forureiningsforskrifta § 14-9. Avlaupsanlegg under 10 000 pe og avlaupsanlegg som har utslepp til nedbørsfelt til følsamt område har i følge forskrifta ikkje krav til ei slik resipientovervaking. Men ei slik overvaking er intensjonen i avlaupsdirektivet og Statsforvaltaren sett krav til at alle avlaupsanlegg skal drive regelmessig overvaking av resipienten, slik som nemnd i forureiningsforskrifta § 14-9. Statsforvaltaren sett difor krav til dette i løyvet, med heimel i forureiningslova § 16.

Overvakinga skal ha som hensikt å dokumentere effekten av utsleppet av avlaupsvatn og overlaup til **alle** aktuelle resipientar. Kommunen må lage eit risikobasert overvakingsprogram der det leggjast opp til at overvakinga av miljøtilstanden i resipienten som minimum skal utførast kvart tredje år, jf. forureiningsforskrifta § 14-9. Overvaking skal følgje prinsippa i rettleiar TA-1890/2005 eller ein oppdatert versjon av denne.

Overvaking skal om mogleg utførast i henhold til Norsk Standard eller God Laboratoriepraksis. Verksemdar som utfører overvakinga skal vere akkreditert for felt- og analysearbeid eller ha eit tilsvarende kvalitetssikringssystem for felt- og analysearbeid godkjend av ein kvalifisert nøytral instans.

Overvakinga bør så langt det er mogleg samordnast med overvakingsprogrammet etter vatnforskrifta (sjå nedanfor). Overvakingsprogrammet skal leggjast fram for Statsforvaltaren innan 31.12.2024.

I tillegg til overvakinga etter forureiningslova må kommunen også overvake korleis verksemda påverkar tilstanden i vassførekomsten og avdekke om utsleppa medfører ei svekking eller at miljømål ikkje kan oppnåast, jf. vatnforskrifta §§ 4 og 18. For Begnavassdraget går det føre seg ei slik overvaking som koordinerast av Statsforvaltaren. Vang kommune deltar her. I nytt løyve stillast det krav om at kommunen framleis skal bidra i dette arbeidet.

Rapportering etter begge typar overvaking skal rapporterast årleg til Statsforvaltaren og registrerast i databasen Vannmiljø. Sjå punkt 7.3 og 7.4 i løyvet.

### Statsforvaltarens vurdering i høve til vatnforskrifta

Etter vatnforskrifta § 4 skal tilstanden i overflatevatn vernast mot svekking, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Den økologiske og kjemiske tilstanden til Fløgstrøndfjorden er ikkje definert i vann-nett, men det framgår av søknaden at tilstanden er vurdert som svært god når det gjeld fosfor og nitrogen. Det er heller ikkje gjort ei vurdering av kor stor kapasitet resipienten har for mottak av avlaupsvatten. Begna nedstrøms Fløgstrøndfjorden er registrert med middels påverknadsgrad knytt til punktutslepp frå Tyinkrysset RA, men har svært god tilstand med tanke på nitrogen- og fosforinnhald. Elvestrengen har risiko for å ikkje nå miljømåla, men dette er knytt til vasskraft.

Dersom ny eller auka aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst medfører at miljømål i henhold til § 4 ikkje nåast eller at tilstanden svekkast må Statsforvaltaren vurdere tiltaket etter vatnforskrifta § 12.

Utsleppet frå Tyinkrysset tettgrend er betydeleg, og det er planar om ei auke i tilknytning på ca. 1000 pe frå dagens belastning. Samstundes set nytt utsleppsløyve strengare krav til reinsing og vedlikehald av leidningsnett, strengare krav til overvaking, og hyppigare kontroll og rapportering av utsleppa. Vi forventar derfor ikkje at utslepp frå Tyinkrysset avlaupsanlegg, innanfor ramma i dette løyvet, skal påverka tilstanden i vassdraga nedstrøms slik at denne svekkast. Difor er det ikkje nødvendig å vurdere løyvet etter vatnforskrifta § 12.

Ramma i dette løyvet er berre marginalt større enn det som tilførast Tyinkrysset RA i dag. Kunnskapen om resipienten, og denne si toleevne, er ikkje god nok til å sannsynleggjere at ei ytterlegare auke i utslepp til Fløgstrøndfjorden kan akseptast. Det er difor svært viktig at Vang kommune umiddelbart iverksett prøvetaking og berekning av resipientkapasitet, slik at utsleppa frå tettgrenda ikkje kjem i strid med vatnforskrifta sine føresegner om vasskvalitet. Frist for å oversende ei slik resipientvurdering settast til 31.12.2024, jf. tabell 1 i punkt 1.2 i utsleppsløyvet.

Relevante tiltak for å oppnå krava om god økologisk og kjemisk tilstand beskrivast og setjast i verk gjennom dei regionale og lokale sektorvise tiltaksprogramma. Innan kommunal avlaupssektor er tiltak på avlaupsnettet viktig for å sikre stabil og sikker anleggsfunksjon på kort og lang sikt. Kommunale tiltaksplanar bør dokumentere at planlagde tiltak er tilstrekkelege.

### **Statsforvaltarens vurdering i høve til naturmangfaldlova**

I § 7 heiter det at: «§§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet». I § 8 heter det blant anna at: «Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet så langt det er rimelig skal bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandsituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger».

Dette løyvet gjeld eit eksisterande avlaupsanlegg. Vi legg til grunn at konsekvensane av utsleppet er vurdert tidlegare i forbindelse med etablering av tettgrenda. Utsleppets verknad på vasskvalitet i Fløgstrøndfjorden og vassdrag nedstrøms ser ikkje ut til å vere i konflikt med miljømåla, og resipientane blir overvaka iht. vatnforskrifta. I tillegg stillast det krav til overvaking med heimel i forureiningslova. Statsforvaltaren meiner difor at det ikkje er nødvendig å hente inn ny kunnskap om utsleppets verknad på naturmiljøet utover dette.

Statsforvaltaren meiner at kunnskapsgrunnlaget for å vurdere tiltaket etter prinsippa i naturmangfaldlova er tilstrekkelege, jf. § 8, og føre-var prinsippet kjem derfor ikkje til bruk. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 10-12 (økosystemtilnærming og samla belastning, kostnader for å avgrense skadar på naturmangfald og miljø skal berast av tiltakshavar, og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar) ligg til grunn saman med andre vurderingar for at Statsforvaltaren gjev løyve til utslepp.

### **Vedtak**

Statsforvaltaren finn etter ei samla vurdering å kunne gje løyve til utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå Tyinkrysset tettgrend i Vang kommune. Vedtak om utsleppsløyve vert gitt med heimel i forureiningslova § 11 og forureiningsforskrifta § 14-4.

### **Gebyr**

Vi synar til informasjon og varsel om gebyr som vart gitt i brev av 15. november 2023. Verksemder skal betale gebyr for Statsforvaltaren sitt arbeid med løyver etter forureiningslova, jf.



forureiningsforskrifta § 39-3. Vi vedtar eit gebyr på 74 800 kr for vårt arbeid med utsleppsløyvet. Dette svarar til gebyrsats 5 i forureiningsforskrifta § 39-4. Vedtak om gebyr er eit enkeltvedtak og kan klagast på.

### **Klagerett**

Vedtaka om utsleppsløyve og gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Innlandet. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Med helsing

Tore Pedersen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Linn Christin Myhrer Rueslåtten  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Utsleppsløyve for kommunalt avlaupsvatn frå Tyinkrysset tettrend i Vang kommune

Kopi til:

DRIFTSASSISTANSEN FOR VANN OG AVLØP I  
OPPLAND (DIO)

v/ Norconsult AS  
Bryggerigata 1

2609 LILLEHAMMER



## Statsforvaltaren i Innlandet

### Løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå Tyinkrysset tettgrennd i Vang kommune

Løyvet er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6* (forureiningslova), § 11 jf. § 16, *forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) § 14-4 og *forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vatnforskrifta).

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 10.3.2023.

<b>Tettgrennd</b>	Tyinkrysset
<b>Kommune</b>	Vang
<b>Adresse</b>	Tyinvegen 5156
<b>Postnummer</b>	2975
<b>Poststad</b>	Vang i Valdres
<b>Org. nummer</b>	983 772 994
<b>NACE-kode og bransje</b>	37.000 Oppsamling og behandling av avløpsvann

#### Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Arkivreferanse
2023.0999.T	2023/3365

Løyvet gitt første gong:	Løyvet sist revidert i medhald av forureiningslova § 18 tredje ledd	Løyvet sist endra:
23.05.2024		
Tore Pedersen avdelingsdirektør		Linn C. M. Rueslåtten seniorrådgjevar

*Løyvet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

**Endringslogg**

Endringsnummer	Endringer av	Punkt og forklaring av endring

## Innhald

<a href="#">1. Rammer for løyvet</a>	14
<a href="#">1.1 Omfang</a>	14
<a href="#">1.2 Oversikt over krav med fristar</a>	15
<a href="#">2. Generelle vilkår</a>	15
<a href="#">2.1 Utsleppsavgrensingar</a>	15
<a href="#">2.2 Plikt til å halde grenseverdiar</a>	16
<a href="#">2.3 Plikt til å redusera forureining så langt som mogeleg</a>	16
<a href="#">2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald</a>	16
<a href="#">2.5 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare</a>	16
<a href="#">2.6 Plikt til internkontroll</a>	16
<a href="#">2.6.1 Krav om miljørisikovurdering</a>	16
<a href="#">2.7 Krav til kommunen si planlegging av samla avlaupsverksemd</a>	17
<a href="#">2.8 Plikt til å ha oversikt over og kunnskap om tilstand og påverknad</a>	18
<a href="#">2.9 Ombygging og overføring av avlaupsvatn til andre anlegg</a>	18
<a href="#">3. Utslepp til vatn</a>	18
<a href="#">3.1 Krav til avlaupsnett</a>	18
<a href="#">3.1.1 Krav til oppsamling av kommunalt avlaupsvatn</a>	18
<a href="#">3.1.2 Krav til kontroll med overvatn og anna framandvatn tilført avlaupsnett</a>	19
<a href="#">3.1.3 Krav til utslepp via overlaup</a>	19
<a href="#">3.1.4 Krav til verknadsgrad for avlaupsnett</a>	20
<a href="#">3.1.5 Krav om tiltaksplan for fornying av avlaupsnett og kummar</a>	20
<a href="#">3.2 Krav til reinsing av avlaupsvatn</a>	20
<a href="#">3.2.1 Generelt</a>	20
<a href="#">3.2.2 Oversikt over reinseanlegg</a>	20
<a href="#">3.2.3 Reinsekrav og dokumentasjonskrav for Tyinkrysset reinseanlegg</a>	21
<a href="#">3.2.4 Utsleppspunkt for reinseanlegg og overlaup</a>	22
<a href="#">3.2.5 Påslepp</a>	22
<a href="#">4. Utslepp til luft</a>	23
<a href="#">4.1 Generelt</a>	23
<a href="#">4.2 Lukt frå punktkjelder</a>	23
<a href="#">4.3 Utslepp av klimagassar</a>	23
<a href="#">5. Avfall og avlaupsslam</a>	23
<a href="#">5.1 Generelle krav til avfall</a>	23
<a href="#">5.2 Handtering av avlaupsslam</a>	23

<a href="#">6. Akutt forureining - førebyggjande tiltak, varsling og beredskap</a>	24
<a href="#">6.1 Førebyggjande tiltak</a>	24
<a href="#">6.2 Beredskapsanalyse</a>	24
<a href="#">6.3 Beredskapsplan</a>	24
<a href="#">6.4 Beredskapsetablering</a>	24
<a href="#">6.5 Øving av beredskap</a>	25
<a href="#">6.6. Varsling av akutt forureining</a>	25
<a href="#">7. Resipientovervaking</a>	25
<a href="#">7.1 Overvaking etter forureiningsforskrifta</a>	25
<a href="#">7.2 Overvaking etter vannforskriften</a>	25
<a href="#">7.3 Rapportering av overvakingresultat</a>	25
<a href="#">7.4 Registrering i Vannmiljø</a>	26
<a href="#">8. Energi</a>	26
<a href="#">8.1 Energistyringssystem</a>	26
<a href="#">8.2 Utnytting av overskotsenergi</a>	26
<a href="#">9. Substitusjon av kjemikaliar og råstoff</a>	26
<a href="#">10. Tilsyn</a>	26
<a href="#">11. Krav til rapportering</a>	27
<a href="#">11.1 Årleg eigenkontrollrapportering</a>	27
<a href="#">11.2 Årlege vurderingar av driftsforhold</a>	27
<a href="#">Oversikt over utvalde, sentrale faguttrykk i løyvet</a>	28

# 1. Rammer for løyvet

## 1.1 Omfang

Løyvet gjeld all transport, reinsing og utslepp av avlaupsvatn frå Tyinkryset tettgrend i Vang kommune på inntil **4000** BOF personekvivalentar (pe) i maksveke.

Alle tettgrender som er knytt til same reinseanlegg, også tettgrender i andre kommunar, blir rekna som ein tettgrend i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 11, § 11-3 bokstav k, andre ledd.

Kommunen skal til ei kvar tid ha oppdatert dokumentasjon på tettgrendas utbreiing (areal) og størrelse (pe utrekna som BOF<sub>5</sub> etter NS 9426 eller anna). Ved utbygging av kommunen sin infrastruktur eller vesentleg utviding av verksemd som fører med seg auka utslepp frå tettgrenda, skal tettgrendas geografiske utbreiing og utsleppsstørrelse oppdaterast.

Kommunen pliktar å sørge for at det er samsvar mellom reinsekapasitet og størrelsen på potensielt utslepp (BOF<sub>5</sub> pe) av avlaupsvatn i maksveke frå tettgrenda før slike endringar som nemnt over blir realisert. Dersom størrelsen på det faktiske utsleppet i BOF<sub>5</sub> pe overskrider rammene for pe i løyvet, er dette i strid med løyvet. Kommunen pliktar difor å varsle Statsforvaltaren og gjere greie for om dette skuldast ei enkeltstående hending, eller om det vil vere ei permanent endring. Ved langvarige overskridingar pliktar kommunen å utarbeida ein tiltaksplan for å redusera konsekvensane av dette på kort og lang sikt. Ved permanente utvidingar, må kommunen søke Statsforvaltaren om ei endring av løyvet.

Krava i dette løyvet tar utgangspunkt i utrekna potensielle utslepp frå tettgrenda etter NS 9426<sup>2</sup> som går fram av søknaden. Utrekna tal er samanfatta i tabellen under for å unngå tvil om kva utsleppsforhold som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt:

Kjelde	Utrekna BOF <sub>5</sub> (pe) i 2022	Utrekna BOF <sub>5</sub> (pe) i 2032	Utrekna BOF <sub>5</sub> (pe) i 2050
Fast busette	33	34	40
Fritidsbustadar	2700	4400	6700
Avlaup frå næringsverksemd	220	260	390
Korreksjon for fråvær frå bustad	0	0	0
SUM	<b>2953</b>	<b>4694</b>	<b>7130</b>
Maksveke for utslepp	Påskeveka		

Løyvet gjeld mottak, transport reinsing og utslepp av avlaupsvatn som blir ført til Tyinkryset reinseanlegg. Løyvet omfattar utslepp frå samla tilført mengde avlaupsvatn på inntil 4000 BOF personekvivalentar (pe) i maksveke. Løyvet omfattar også mottak av septikslam.

Krava til overvaking i dette løyvet er tilpassa behovet for samordna overvaking etter vannforskriften.

<sup>2</sup> Det skal her tas utgangspunkt i den maksimale, gjennomsnittlege vekebelastninga i BOF<sub>5</sub> (pe) til avlaupssystemet som oppstår i den veka i året med høgast belastning. Utrekningane skal vera representative for situasjonen på søknadstidspunktet og 10 år fram i tid.

## 1.2 Oversikt over krav med fristar

**Tabell 1 Viser oversikt over krav med spesifikke fristar satt i løyvet**

Tiltak	Frist	Referanse
Oppdatere miljørisikovurderingar for det samla avlaupssystemet	Årleg	2.6.1
Oversending av ny/oppdatert heilskapleg handlingsplan for kommunens avlaupssystem	31.12.2025	2.7
Utarbeida/oppdatera tiltaksplan for å redusera tilførsler av overvatn og anna framandvatn til avlaupssystem, samt vurdere behov for reinsing av forureina overvatn	31.12.2025	3.1.2
Klassifisere resipientens kjemiske og biologiske tilstand iht. vatnforskrifta, og berekne resipientkapasitet for utslepp av reinsa avlaupsvatn	31.12.2024	2.8
Innføra systematisk kartlegging av utleking frå leidningsnett	31.12.2024	3.1.2
Dokumentera årlege utsleppsmengder frå overlaup	31.12.2025, deretter årleg	3.1.3, 11.2
Sanera overlaup som er i strid med løyvet	31.12.2024	3.2
Gjennomføra planlagde tiltak for å redusera utleking	Kontinuerleg	3.2
Gjennomføra planlagde tiltak for å redusera utslepp frå overlaup og innleking av framandvatn	Kontinuerleg	3.2
Dokumentere leidningsnettets verknadsgrad	01.03.2025, deretter årleg	3.1.4, 11.2
Sende inn forslag til overvakingsprogram	31.12.2024, deretter kvart 3. år	7.1 og 7.2
Rapportera driftsdata og vurdering av drifta som vedlegg til Altinn-skjema	Årleg innan 1.3.	7.3 og 11.2
Legge inn overvakingsdata i Vann-nett	31.12.2025, deretter kvart 3. år	7.4
Etablere system for vurdering av energiforbruk	31.12.2026	8.1
Rapportere avlaupsdata til forureiningsstyresmaktene via Altinn	Årleg innan 1.3.	11.1

## 2. Generelle vilkår

### 2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentar frå verksemda som er antatt å ha størst miljømessig betydning for organisk belastning og eutrofieringssituasjonen i resipienten er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet pkt. 3 til 5. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp er kome fram i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort.

## 2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal holdast innanfor dei fastsette midlingstidene jf. vilkår 3.2.3 og innanfor dei rammer som følgjer av forureiningsforskrifta § 14-13. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvika frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føra til auka skade eller ulempe for miljøet.

## 2.3 Plikt til å redusera forureining så langt som mogeleg

All forureining frå det totale avlaupssystemet, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser pliktar kommunen å redusera utsleppa så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader.

Det totale avlaupssystemet skal drivast, haldast ved like og fornyast i eit langsiktig perspektiv, slik at forventa funksjon og kapasitet blir halde ved lag og er stabil også ved variasjonar i belastning og klimaforhold.

## 2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal kommunen sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vera dokumenterte.

## 2.5 Tiltakspunkt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar kommunen å setja i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminera eller redusera den auka forureiningsfaren.

Kommunen skal så snart som mogeleg informera Statsforvaltaren i Innlandet om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast, jf. krav fastsett i kapittel 8 i dette løyvet.

## 2.6 Plikt til internkontroll

Kommunen pliktar å etablera internkontroll for si avlaupsverksemd i samsvar med gjeldande forskrift om dette<sup>3</sup>. Internkontrollen skal sikra og dokumentera at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova<sup>4</sup> og relevante forskrifter til desse lovene, der særleg forureiningsforskrifta kap. 11 og 14 legg rammer for kommunens avlaupsverksemd. Kommunen pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Kommunen pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle forhold som kan medføra forureining og kunne gjera greie for risikoforhold. Konkrete krav til innhaldet i ei miljørisikovurdering, både med omsyn til *akutt* forureining og risiko for annan ulovleg forureining, er gitt i punkt 2.6.1.

### 2.6.1 Krav om miljørisikovurdering

Kommunen skal ha ei oppdatert skriftleg, klimatilpassa miljørisikovurdering for det totale avlaupssystemet som dette løyvet omfattar. Dette inneber ei kritisk gjennomgang av forhold som er knytt til avlaupssystemet som kan forårsaka utilsikta forureiningsutslepp/farar for forureining. Både konsekvensreduserande og sannsynsreduserande tiltak skal vurderast.

---

<sup>3</sup> Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

<sup>4</sup> L11.06.1976 nr. 79 Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven)



Denne miljørisikovurderinga skal som eit minimum leggje vekt på:

- Påslepp etter kapittel 15 og 15 A
- Kritiske punkt på leidningsanlegg
- Kritiske punkt på reinseanlegg
- Utslepp til sårbar resipient
- Utslepp av farlege stoff
- Områder med moglege brukarkonfliktar
- Korleis det totale avlaupssystemet blir påverka av klimaendringar
- Angi risiko og risikoreduserande tiltak i prioritert rekkjefølgje
- Vatnforskrifta § 4 om mål om god kjemisk og økologisk tilstand i vassførekomstane

På grunnlag av utførte risikoanalysar og fastsette akseptable risikonivå for miljøskadelege hendingar som følge av utslepp, må det planleggjast og gjennomførast tiltak for å overhalde akseptabelt risikonivå. Kvar tiltak skal vera knyta til ein ansvarleg person/stilling, og tiltaket skal ha ein frist for gjennomføring.

Miljørisikovurderinga og tilhøyrande tiltaksplanar skal evaluerast minst ein gong per år og skal oppdaterast etter kvart som tiltak er gjennomført og kunnskapsgrunnlaget endrar seg. Evalueringa skal dokumenterast skriftleg. Kommunen skal ha ei skriftleg rutine for gjennomføring av miljørisikovurderingar, inkludert kriterium for oppdatering av vurderingane.

Miljørisikovurderinga skal vera ein viktig del av grunnlaget for den overordna avlaupsplanen og beredskapsplanen (sjå punkt 2.7 og punkt 6.4).

## **2.7 Krav til kommunen si planlegging av samla avlaupsverksemd**

Kommunen skal sørgje for å identifisere behovet for vedlikehald, fornying og utbygging av leidningsnett, pumpestasjonar og reinseanlegg for kommunalt avlaupsvatn og overvatn både på kort og lang sikt. Kommunen pliktar vidare å setje av tilstrekkeleg med ressursar, både økonomiske og personressursar, slik at identifiserte behov for tiltak og andre krav i dette løyvet kan gjennomførast som planlagt. Korleis kommunen skal løyse dette i praksis innanfor fastsette fristar, skal dokumenterast overfor Statsforvaltaren i Innlandet gjennom oversending av ein heilskapleg handlingsplan for avlaupsområdet (Temaplan avlaup, Hovudplan avlaup e.l.) innan 31.12.2025.

Gjennom handlingsplanen skal kommunen sjå tiltak, mål og prioriteringar i samanheng med annan planlegging i kommunen. Planen skal resultera i utarbeiding av konkrete tiltaksplanar, som igjen skal avspeglast i ein plan for årleg gjennomføring av tiltak. Kva tiltak som skal gjennomførast innanfor gjeldande og komande økonomiplanperiode skal gå tydeleg fram av handlingsplanen.

Kommunen skal på bakgrunn av ei årleg vurdering av korleis krava i dette løyvet og forureiningsforskrifta kap. 14 er følgt opp, vurdere behov for nye tiltak og endringar i prioriteringane.

Som ein del av den årlege vurderinga, skal kommunen vurdere om den etablerte behandlingsskapiteten for kommunalt avlaupsvatn står i forhold til utrekna potensielt utslepp frå tettgrenda og med vedtekne planar om utbygging. Dette for å sikra at behovet for auka

oppsamlings- og behandlingsskapasitet for avlaupsvatn er tilpassa kommunens planar for ny utbygging av busetnad, hytteområde eller aktuell næringsverksemd<sup>5</sup>.

Dersom vurderinga viser at behandlingsskapasiteten ikkje er tilstrekkeleg, skal kommunen presentere ein konkret plan for å auka behandlingsskapasiteten og sikre framtidig finansiering innan utbygginga skal gjennomførast.

Ei skriftleg oppsummering av denne årlege vurderinga skal leggjast ved kommunens eigenkontrollrapportering til Miljødirektoratet, jf. vilkår 11.2.

## **2.8 Plikt til å ha oversikt over og kunnskap om tilstand og påverknad**

Kommunen skal ha kjennskap til og kunne dokumentere skriftleg i kva grad reinseanlegg, avlaupsnett og forureina overvatn påverkar eller kan påverke sårbare naturtypar eller område som blir brukt av sårbare artar.

Ramma i dette løyvet er mindre enn forventa avlaupsmengder i eit 10-årsperspektiv. Kunnskapen om resipienten, og denne si toleevne, er for dårleg til å sannsynleggjere at ei ytterlegare auke i utslepp til Fløgstrøndfjorden kan akseptast. Det er difor svært viktig at Vang kommune umiddelbart iverksett prøvetaking og berekning av resipientkapasitet, slik at utsleppa frå tettgrenda ikkje kjem i strid med vatnforskrifta sine føresegner om vasskvalitet. Frist for å oversende ei slik resipientvurdering settast til 31.12.2024, jf. tabell 1 i punkt 1.2.

Det må visast særleg aktsemd ved planlegging av nye leidningstrasear og ved graving eller andre aktivitetar som kan påverke naturmangfaldet. Kommunen må gjere seg kjent med aktuelle lovkrav som kan gjelde for slik aktivitet.

## **2.9 Ombygging og overføring av avlaupsvatn til andre anlegg**

Dersom reinseanlegg er planlagt nedlagt eller stansa for ein periode grunna ombygging eller utbetring, skal kommunen gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Aktivitetar som kan medføre fare for auka forureining kan ikkje startast før Statsforvaltaren i Innlandet har gitt midlertidig unntak frå gjeldande reinsekrav. Søknader om unntak frå gjeldande reinsekrav må difor sendast Statsforvaltaren i Innlandet i god tid.

## **3. Utslepp til vatn**

### **3.1 Krav til avlaupsnettet**

#### **3.1.1 Krav til oppsamling av kommunalt avlaupsvatn**

Avlaupsvatnet frå nye bygningar skal knytast til offentleg avlaupsnett, jf. § 27-2 i plan- og bygningslova.

Kommunen skal utarbeida planar for trinnvis auka tilknytning for eksisterande bygningar der tilknytingsgraden er lågare enn 98 %. Planane skal inngå i kommunen sin heilskaplege handlingsplan for avlaupsområdet.<sup>6</sup>

---

<sup>5</sup> Aktuell næringsverksemd: næringsverksemd som vil innebera auka belastning på kommunens oppsamlings- og behandlingsskapasitet for avlaupsvatn, som påslepp frå hotellverksemd og næringsmiddelindustri.

<sup>6</sup> Basert på nasjonale mål for vatn og helse, som seier minst 98 % tilknytningsgrad pr. reinsedistrikt.

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over utbyggingar og tilkoplingar som medfører endring av det tettbygde området si samla utbreiing og størrelse (pe).

Kommunen må halde seg oppdatert på ny avlaupsteknologi og ta i bruk beste tilgjengelege teknikkar for å avgrense utslepp.

### **3.1.2 Krav til kontroll med overvatn og anna framandvatn tilført avlaupsnett**

Kommunen skal også innan 31.12.2025 ha laga ein plan for å redusere mengda framandvatn som blir tilført leidningsnett. Planen skal inkludere ein plan for stegvis separering av avlaupsnett for overvatn og sanitært avlaupsvatn der dette er aktuelt.

Gjennomføringa av tiltak for å redusera tilførsjar av overvatn og anna framandvatn til avlaupsnett må sjåast på som første steg i tiltak for å betre reinseløysninga for avlaupsvatn.

I områder der separate overvassnett mottar forureina overvatn, skal behovet for reinsing vurderast og dokumenterast som ein del av nemnte plan.

Utslepp av avlaupsvatn via overvassnett er ikkje tillate.

### **3.1.3 Krav til utslepp via overlaup**

Kommunen skal ha oversikt over alle utslepp av ureina avlaupsvatn via overlaup direkte til resipient. Slike utslepp er uønskt.

Samla utslepp via overlaup skal ikkje vera over 2 % over året innan 2030. Utslepp via overlaup skal ikkje føre til forsøpling.

Kommunen skal som del av sin heilskaplege handlingsplan for avlaupsområdet, laga ein plan for å redusera overlaup og vurdere moglegheiter for å etablere utjamningsbasseng eller andre avbøtande tiltak, jf. pkt. 2.7. Det skal særleg takast omsyn til behovet for å redusere utslepp til sårbare resipientar og resipientar brukt til bading m.m. der utsleppa kan representera ein miljø- eller helsefare.

Driftstid for alle overlaup skal registrerast og utsleppsmengder skal kunne reknast ut. Dette skal inngå i årsrapporteringa til Miljødirektoratet jf. vilkår 11.2 frå og med 2025.

Alle utslepp via naudoverlaup skal registrerast særskilt og handterast som ein avvikssituasjon. Både driftstid og utsleppsmengder skal kunne reknast ut. Kommunen skal ha eit overvåkings- og beredskapssystem som sikrar at naudoverlaup straks blir oppdaga og utbetra innan 24 timar. Rutinar for dette skal gå fram av kommunens sine internkontrollrutinar og beredskapstiltak.

Planlagt stans i pumpestasjonar skal i utgangspunktet ikkje gi overlaupsdrift. I dei tilfella der dette likevel kan bli nødvendig og kan føre til brukarkonfliktar, skal Statsforvaltaren i Innlandet varslast på førehand.

Det er ikkje tillate å etablere driftsoverlaup på spillvassførande leidning.

Overlaup som er i strid med løyvet skal sanerast innan 31.12.2024.

### 3.1.4 Krav til verknadsgrad for avlaupsnett

Kommunen skal kontinuerleg gjennomføra planlagde tiltak for å redusera lekkasjar av ureinsa avlaupsvatn frå leidningsnett.

Verknadsgraden til avlaupsnett, det vil seie kor stor del av forureiningsmengda som kjem fram til reinseanlegget, skal dokumenterast jamleg. Dette skal gjerast ved at dei ulike kjeldene til tap vert rekna ut eller vurdert kvalitativt.

Dokumentasjonen skal første gong sendast Statsforvaltaren i Innlandet i samband med årsrapportering for 2023, 1. mars 2025.

Utslepp på grunn av feil ved leidningsnett, stans i pumpestasjonar og liknande skal ikkje redusere verknadsgraden i avlaupsnett med meir enn 5 % fram til 31. desember 2026 og deretter maksimalt 3 % over året.

### 3.1.5 Krav om tiltaksplan for fornying av avlaupsnett og kummar

Kommunen skal utarbeide ein tiltaksplan for fornying av avlaupsnett med kummar. Tiltaksplanen skal vise det årlege, gjennomsnittlege behovet for fornying av spillvassførande leidningsnett, og kva kriterium som er lagt til grunn for fornying. Fornyingsprogrammet skal vera samanhengande og skal minst omfatta dei neste 5 åra.

Kommunens leidningsdatabase skal oppdaterast kontinuerleg etter kvart som leidningsnett blir fornya.

## 3.2 Krav til reinsing av avlaupsvatn

### 3.2.1 Generelt

Alt avlaupsvatn som er medrekna i tettgrenda sin utsleppsstørrelse, skal oppfylle same minimumskrav til reinsing, uavhengig av dimensjonerande kapasitet og teknologi ved reinseanlegga. Dette gjeld også for private avlaupsanlegg over 50 pe som ikkje er knytta til kommunalt avlaupsnett. Kontrollkrava skal likevel tilpassast det enkelte anlegg.

I tillegg kan det enkelte reinseanlegg ha tilleggskrav eller skjerpande krav satt av omsyn til resipienten og bruken av denne, jf. vilkår 3.2.3.

### 3.2.2 Oversikt over reinseanlegg

Reinseanlegg innanfor tettgrenda og som er omfatta av dette løyvet, går fram av Tabell 2.

Oversikta gjev informasjon om faktisk belastning på søknadstidspunktet, samt dimensjonerande kapasitet i BOF (pe) og hydraulisk kapasitet etter ombygging. Oversikta viser også type reinseprosess etablert ved anlegget.

**Tabell 2: Reinseanlegg innanfor Tyinkrysset tettgrend**

Namn på reinseanlegg	Tilført belastning i BOF (pe) i 2022	Dimensjonerande kapasitet i BOF (pe) etter utviding	Hydraulisk kapasitet (m <sup>3</sup> /d)	Reinseprosess
Tyinkrysset reinseanlegg	3000	4000	800	SBR (Biovac)

Reinseanlegga skal utformast slik at krava i forureiningsforskrifta kap. 14 og krava i dette løyvet kan overhaldast.

### 3.2.3 Reinsekrav og dokumentasjonskrav for Tyinkrysset reinseanlegg

#### Generelt

Alle eksisterande reinseanlegg i Tyinkrysset tettrend skal minst oppfylle krava til sekundærreinsing jf. § 14-2 b) i forureiningsforskrifta. I tillegg skal anlegga oppfylle krav til minst 95% fosforfjerning. Dette er ei skjerping av krava i det gamle løyvet.

Med unntak av Tyinkrysset reinseanlegg, skal eventuelle andre avlaupsanlegg i tettrenda som tidlegare har vore regulert etter kap. 13 i forureiningsforskrifta, oppfylle dei same krava til sekundærreinsing og fosforfjerning seinast innan 5 år.

Utsleppsparametre, tilhøyrande grenseverdiar, minimum tal prøver og midlingstid, er satt inn i tabellane under. Avlastning frå overlaup på reinseanlegget er inkludert i reinsekrava. Prøver av  $KOF_{Cr}$  og  $BOF_5$  må etterkoma både krav til konsentrasjon og reinseeffekt.

Utslepp via overlaup (både driftsoverlaup og naudoverlaup) ved reinseanlegget skal reknast med i reinsegraden for anlegget. Utslepp via overlaup på eit tidlegare tidspunkt, skal reknast med i leidningsnettets verknadsgrad, men ikkje inn i reinseeffekten. Dette i samsvar med rapporteringskrav frå EU

#### Krav om måleprogram

Som eit ledd i driftskontrollen skal det fastsetjast eit måleprogram med analyser og målingar av relevante drifts- og utsleppsparametre tilpassa anleggets storleik, medrekna utslepp til vatn, grunn og luft. Måleprogrammet skal vera ein del av kommunen sin internkontroll og haldast oppdatert.

Måleprogrammet skal omtala dei forskjellige stega i målingane og grunngi valde prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens).

Prøvetidspunkta skal veljast slik at resultata blir mest mogleg representative for variasjonar i utslepp gjennom heile året ved normale driftsforhold. Det er viktig at måleprogramma omfattar antatt maksveke for belastning for reinseanlegget og periodar med overlaup. Minimum tal på akkrediterte prøver går fram av forureiningsforskrifta § 14-11, men talet er auka mellom anna for å ivareta kravet til representativitet. Dersom ein prøve må strykast pga. unormale driftsforhold, skal dette kompensert med at det blir tatt ut ein ny prøve på eit seinare tidspunkt.

Prøvane skal analyserast jf. krav i forureiningsforskrifta § 14-12. Analysane skal utførast av laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane etter NS-EN ISO/IEC 17025. Norske standardar skal nyttast så langt som mogeleg. Dersom dette ikkje finst, kan internasjonal standard eller annan metode nyttast så lenge metoden gir representative tal for verksemda sin faktiske utslepp.

Dersom kommunen ønskjer å analysere på andre parametrar enn  $BOF_5$ ,  $KOF_{Cr}$  må dette avklarast med Statsforvaltaren i forkant. Eit krav vil då vere at det er påvist ein høg statistisk korrelasjon mellom ønska parameter og parameteren utsleppskontrollen er ønska basert på.

## Tyinkrysset reinseanlegg

Tabell 3: Tyinkrysset reinseanlegg: Utsleppsparameter, krav til reinseeffekt og metode

Utsleppsparameter	Krav	Tal prøver
Total fosfor (tot-P)	<p>Årleg gjennomsnitt: Minst 95 % reduksjon av fosfor.</p> <p>Årleg gjennomsnitt: Maksimalt 0,5 mg/l fosfor i utlaup.</p> <p>Ingen enkeltprøver skal overskride ein konsentrasjon på 1 mg/l</p>	24 vekeblandprøver eller døgnblandprøver per år
Biologisk oksygenforbruk (BOF <sub>5</sub> )	<p>Enkeltprøver: Minimum 70 % reduksjon av BOF<sub>5</sub>.</p> <p>Ingen enkeltprøver skal overskride 50 mg O<sub>2</sub>/l.</p>	24 stk. 21 av 24 døgnblandprøver må overhalde reinseeffektkrav
Kjemisk oksygenforbruk (KOF <sub>Cr</sub> )	<p>Enkeltprøver: Minimum 75 % reduksjon av KOF<sub>Cr</sub>.</p> <p>Ingen enkeltprøver skal overskride 250 mg O<sub>2</sub>/l.</p>	24 stk. 21 av 24 døgnblandprøver må overhalde reinseeffektkrav

## 3.2.4 Utsleppspunkt for reinseanlegg og overlaup

Reinsa avlaupsvatn skal førast ut i resipient på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogeleg og slik at brukarinteresser ikkje blir påverka.

Tabell 4: Utsleppspunkt for Tyinkrysset reinseanlegg

Utsleppspunkt	Koordinatar X (UTM sone 32)	Koordinatar Y (UTM sone 32)	Resipient	Djupne
Tyinkrysset RA	460797,96	6785910,72	Fløgstrøndfjorden	1,3 m

## 3.2.5 Påslepp

Påslepp til kommunalt leidningsnett skal ikkje redusere moglegheita for å overhalda utslepps- og reinsekrav sett i dette løyvet eller forureiningsforskrifta. Påslepp skal heller ikkje redusere moglegheita for å utnytta avlaupsslammet i medhald av krav i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav (forskrift om organisk gjødsel).

Kommunen skal ha oversikt over verksemder som kan utgjera ein risiko for det kommunale avlaupssystemet jf. forureiningsforskrifta § 15A-4, og følgje opp desse gjennom påleggskrav og tiltak.

## 4. Utslepp til luft

### 4.1 Generelt

Lukt skal vera ein driftsparameter for heile avlaupssystemet si samla verksemd. Dette for å sikre at lukt frå pumpestasjonar, overlaup, kummar og eventuelle luftinnretningar ikkje er til vesentleg sjenanse for naboar og brukarar av nærområdet.

Kommunen skal ha oversikt over kjelder og vurdere behovet for tiltak og eventuelt effekten av gjennomførte luktreduserande tiltak.

Før bygging av nye anlegg, komponentar (pumpestasjonar, kummar, uteareal og leidningar) må kommunen vurdere moglege kjelder til lukt og om nærleik til busetnad, ferdsel eller terrengforhold kan skapa luktkonfliktar.

Kommunen skal ha eit system for registrering og oppfølging av eventuelle klager og avvik på lukt. Systemet skal vera ein del av internkontrollen.

### 4.2 Lukt frå punktkjelder

Punktutslepp for avgassar skal handterast slik at luktulempar blir effektivt førebygd. Utrekna luktemisjon frå slike kjelder ved omliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar mv. skal ikkje overskride  $2 \text{ ouE/m}^3$  som maksimal månadleg 99 prosent timefraktil.

### 4.3 Utslepp av klimagassar

Utslepp av klimagassar frå drift av det totale avlaupssystemet skal haldast på eit så lågt nivå som mogeleg.

## 5. Avfall og avlaupsslam

### 5.1 Generelle krav til avfall

Kommunen pliktar så langt som råd å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Innhald av skadelege stoff i avfallet skal avgrensast i størst mogleg grad.

Kommunen pliktar å sørge for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, og avfallsforskrifta<sup>7</sup>.

Avfall som oppstår i verksemda skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Ved eventuell bruk av biofilmbærarar må det sikrast at plastmedium ikkje blir spreidd til miljøet.

### 5.2 Handtering av avlaupsslam

Med avlaupsslam meiner ein her den faste fraksjonen som blir felt ut ved reinseprosessar i reinseanlegg, og der ristgods er fjerna i forkant. Septikslam er berre inkludert dersom dette slammet er levert reinseanlegg i forkant av reinseprosessane og omfatta av ramma gitt i 1.1.

---

<sup>7</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.06.2004, nr. 930

Kommunen skal ha oversikt over kva mengder råslam og avlaupsslam som oppstår i reinseanlegget, kva kvalitet slammet har og vidare handtering. Dette skal inngå i eigenkontrollrapporteringa for reinseanlegget, sjå pkt. 11.1.

Avlaupsslammet skal som eit minimum gjennomgå ei forbehandling i form av hygienisering og stabilisering før vidare transport til eit avfallsbehandlingsanlegg. Avlaupsslam som ikkje overheld krava i forskrift om organisk gjødsel<sup>8</sup> og dermed ikkje er eigna for bruk, skal leverast til godkjent mottaksanlegg for avfall.

Mellomlagring av avlaupsslam skal skje i samsvar med krava gitt i eige løyve for slambehandling.

Ved prøvetaking av slammet skal anerkjente metodar for å oppnå representative prøver nyttast.

## 6. Akutt forureining - førebyggjande tiltak, varsling og beredskap

### 6.1 Førebyggjande tiltak

Dersom det som følge av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar kommunen å setta i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren.

Kommunen pliktar i tillegg å ha ein plan for ei stegvis og systematisk gjennomføring av risikoreduserande tiltak avdekka i miljørisikovurderinga jf. vilkår 2.6.1.

### 6.2 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikovurderinga skal kommunen utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som står att etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal kommunen utarbeida og grunngi

- organisering av beredskapen
- nødvendig beredskapsutstyr
- nødvendig mannskap
- responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

### 6.3 Beredskapsplan

Miljørisikovurdering, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av kommunen sin internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som eit minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario. Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

### 6.4 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

---

<sup>8</sup> Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav av 4.7.2003, nr 951.



## 6.5 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gong pr. år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga, inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle anbefalingar om forbetringar. Korleis eventuelle anbefalingar om forbetringar er følgt opp, skal vera dokumentert i internkontrollen.

## 6.6. Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i medhald av gjeldande forskrift<sup>9</sup>.

Internkontrollen skal innehalde ei kartlegging og vurdering av risiko for akutt forureining og annan uønskt påverknad av ytre miljø.

Kommunen skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren i Innlandet om:

- Akutt forureining grunna driftsstans som skuldast uhell eller langvarig straumbrot.
- Unormale forhold som har eller kan føre til vesentleg auka forureining.
- Utsleppskonsentrasjon på meir enn det dobbelte av gjeldande krav for ei prøve der prøvetaking og analyse er utført jf. forureiningsforskrifta §§ 14-11, 14-12 og 14-14.

## 7. Resipientovervaking

### 7.1 Overvaking etter forureiningsforskrifta

Kommunen skal sørge for overvaking av moglege miljøeffektar av utslepp frå reinseanlegg og overlaup til alle aktuelle vassførekomstar i medhald av eit risikobasert overvakingsprogram. Plikt til etter forureiningsforskrifta går fram av forskrifta sin § 14-9.

Overvakingsprogrammet skal leggjast fram for Statsforvaltaren for eventuelle merknader innan 31.12.2024. Overvakinga skal vidare gjennomførast med eit intervall på 3 år og samordnast så langt det er moglege med overvakinga etter vannforskriften.

Dersom utslepp eller tilstanden i vassførekomsten endrar seg, kan Statsforvaltaren påleggja ei utviding av overvakingsprogrammet som omfattar målepunkt, parametrar og/eller frekvens. Statsforvaltaren kan også pålegge strengare reinsekrav.

### 7.2 Overvaking etter vannforskriften

Kommunen skal etter vannforskriften § 18 delta i eit overvakingsprogram gjennom vassområdeutvala etter nærmare fastsetjing frå vassregionmyndigheita.

Dersom utslepp eller tilstanden i vassførekomsten endrar seg, kan Statsforvaltaren i Innlandet pålegge ei utviding av overvakingsprogrammet som omfattar målepunkt, element og/eller frekvens.

### 7.3 Rapportering av overvakingsresultat

Resultat frå overvakinga etter forureiningsforskrifta jf. vilkår 7.1, skal drøftast og konklusjonar om påverknad av resipienten skal presenterast for forureiningsstyresmaktene som ein del av påfølgjande kalenderårs eigenkontrollrapportering jf. punkt 11.2.

---

<sup>9</sup> Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

## 7.4 Registrering i Vannmiljø

Alle overvakingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at undersøkingane er gjennomført. Data skal rapporterast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i samsvar med kodeverket i Vannmiljø finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

## 8. Energi

### 8.1 Energistyringssystem

Kommunen skal ha rutinar for regelmessig vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv drift av heile avlaupsanlegget. Eit energistyringssystem skal vera etablert innan 31.12. 2026 og inngå i internkontrollen.

### 8.2 Utnytting av overskotsenergi

Kommunen skal i størst mogeleg grad utnytta overskotsenergi internt og leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk mogeleg, er avgrensa av konsesjonar eller fører med seg urimelege kostnader.

## 9. Substitusjon av kjemikaliar og råstoff

Med kjemikaliar meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda. Slike kjemikaliar kan til dømes vere fellingskjemikaliar og hjelpekoagulantar, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannsløkkingsmiddel m.m.

For kjemikaliar som blir nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal kommunen dokumentere at ein har gjennomført ei risikovurdering av bruk og utslepp på bakgrunn av kjemikaliane sine eigenskapar, mengder, utsleppspunkt m.m., jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Kommunen eller den ansvarlege for drifta av reinseanlegget pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikaliar. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av risiko for skadelege effektar på helse og miljø av dei kjemikalia som blir brukt, og av om det finst alternativ. Der betre alternativ finst, pliktar kommunen å nytta desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.<sup>10</sup>

Stoff aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje brukast utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket<sup>11</sup> og andre regelverk som gjeld for kjemikaliar.

## 10. Tilsyn

Kommunen pliktar jf. forureiningslova § 50 å la representantar for Statsforvaltaren i Innlandet føre tilsyn med anlegga.

---

<sup>10</sup> Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) av 11.06.1976 nr. 79 § 3a om substitusjonsplikt

<sup>11</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30.05.2008 nr. 516

## 11. Krav til rapportering

### 11.1 Årleg eigenkontrollrapportering

Kommunen skal rapportera avlaupsdata til Miljødirektoratet innan 1. mars kvart år. Rapporteringa skal skje slik Miljødirektoratet legg til rette for.

### 11.2 Årlege vurderingar av driftsforhold

Kommunen skal årleg gi ei skriftleg vurdering av driftsforholda siste kalenderår for avlaupsnett, reinseanlegg, slamhandtering og overvaking med vekt på overordna, kvalitative vurderingar.

Data som blir rapportert i eigenkontrollrapporteringa eller til Vannmiljø er det ikkje nødvendig å repetere i årsrapporten, ut over kva kommunen sjølv finn føremålstenleg og naturleg for å underbyggja konklusjonar.

Følgjande tema skal inngå i vurderingane:

- Korleis gjennomførte oppgraderingar siste kalenderår og planlagde endringar av avlaupsnettet bidrar til å etterkoma krava i løyvet og delmål i kommunens temaplan/hovudplan avlaup med tilhøyrande handlingsplanar.
- Korleis avlaupsnettet fungerer, inkl. verknadsgrad for nettet totalt, driftstid og mengder avlasta for overlaup og utrekning av innlekking og utlekking.
- Omfanget av tiltak for å redusere tilførsler av overvatn inkludert større separeringstiltak og forventa og registrert effekt av tiltaka.
- Korleis reinseanlegga fungerer og årsaker til eventuelle overskridingar av løyvet. Vidare skal det greiast ut om trendar for reinsing og driftsstabilitet.
- Ev. overskridingar av løyvet skal kommenterast særskilt for vilkår 3.2.3 med forslag til korrigerande tiltak.
- Resultat, trendar og konklusjonar frå resipientovervakinga jf. formål med overvakinga omtala i vilkår pkt. 7.1 og 7.2.
- Nytt/oppdatert måleprogram skal leggjast ved til orientering.
- Status for risikovurderingar og oppfølging.

Årsrapportane skal lastast opp som vedlegg til eigenkontrollrapporten til Miljødirektoratet for kommunens hovudleidningsnett, inntil denne rapporteringa eventuelt blir integrert i skjema for eigenkontrollrapportering.

## Oversikt over utvalde, sentrale faguttrykk i løyvet

Faguttrykk	Forklaring
Tettgrend	<p>Svarar til bokmålsomgrepet <i>tettbebyggelse</i>, definert i forureiningsforskrifta § 11-3 k) ut frå nærleik mellom husklynger med minst 5 hus. I tillegg blir fleire tettgrender rekna som ein tettgrend dersom avlaupsvatn frå to eller fleire tettgrender blir samla opp og ført til eit felles reinseanlegg eller utsleppsstad.</p> <p>Definisjonen gjeld alle typar hus, både bustader, hytter/turistanlegg, næringsbygg, institusjonar, idrettsanlegg osv.</p>
Utsleppsstørrelse for ein tettgrend	Den maksimale, gjennomsnittlege vekebelastninga i BOF <sub>5</sub> (pe) til tettgrenda som oppstår i maksveke.
Maksveke	<p>Den veka i året med forventta høgast belastning av avlaupssystemet.</p> <p>Maksimal, gjennomsnittleg vekebelastning i BOF<sub>5</sub> (pe) til det avlaupssystemet som blir regulert i dette løyvet, og som oppstår i den veka i året med forventta høgast belastning.</p>
Kommunen sitt utrekna potensielle utslepp av avlaupsvatn i maksveke	<p>Den utrekna, maksimale, gjennomsnittlege vekebelastninga i BOF<sub>5</sub> (pe) til det avlaupssystemet som er regulert i dette løyvet, og som oppstår i den veka i året med forventta høgast belastning.</p> <p>Utrekningane skal vera representative for situasjonen på søknadstidspunktet og 10 år fram i tid, då løyvet uansett bør vurderast på nytt seinast etter 10 år.</p>
Avlaupsslam	Avlaupsslam er det slammet som blir felt ut ved reinsing i eit konvensjonelt reinseanlegg for avlaupsvatn, og der ristgods er fjerna i forkant. Septikslam inngår ikkje i denne definisjonen av hygieniske grunnar.
Råslam	Råslam er ubehandla avlaupsslam. Fortykning og avvatning av råslam er forbehandlingar som skjer på reinseanlegget for å kunne redusere vassinnhaldet i avlaupsslammet før transport. Dette er aktivitetar som er ein naturleg del av drifta av eit avlaupsreinseanlegg og som ikkje sjåast som på avfallsbehandling (Kjelde: Miljødirektoratet)
Septikslam	<p>Septikslam er eit samlebegrep for avlaup som kjem frå slamavskiljarar, septiktankar, tette tankar og liknande, og som kan ha eit vassinnhald på 95-99 % (Kjelde: Paulsrud i Vann nr 4/1982).</p> <p>Septikslam inngår ikkje i definisjonen av avlaupsslam. Septikslam definerast som ein form for avlaupsvatn (Kjelde: Boka om VA-teknikk av Ødegaard)</p>
Overlaup	Arrangement for bortleiing eller måling av væskemengder. Utforming avheng av funksjon og væskemengd. Overlaup kan også

	brukast om den vassmengda som vert leia bort/målt. (Kjelde: Vannordboken).
Driftsoverlaup/regnvassoverlaup	Overlaup som <u>er etablert</u> for å hindre overbelastning av avlaupssystemet i periodar med så store nedbørmengder at avlaupssystemets dimensjonerande kapasitet blir overskride. (Kjelde: Boka om VA-teknikk av Ødegaard.)  Mest relevant for fellesnett.
Naudoverlaup	Overlaup som skuldast <u>upårekna</u> hendingar i alle delar av avlaupssystemet og som blir brukt av tryggingssyn. (Kjelde: Boka om VA-teknikk av Ødegaard.)
Framandvatn	Framandvatn blir brukt om det vassvolumet som blir tilført avlaupssystemet i tillegg til nødvendig spillvatn. Det er vanlegvis regnvatn, smeltevatn, grunnvatn eller drikkevatn.
Verknadsgraden til avlaupsnett	Vil seie kor stor del av forureiningsmengda som kjem fram til reinseanlegget (og ikkje går tapt på vegen).
Blandprøve	Er ei prøve sett saman av fleire mindre vassmengde-proporsjonale delprøvar tatt gjennom prøvetakingsperioden. Prøvetakingsperioden er enten eit døgn eller ei veke.
Vekeblandprøve	Er ei blandprøve teken over minst fem døgn innanfor ein periode på maks sju påfølgjande døgn.
Prøvetaking	Prøvetaking er uttak av ein representativ prøve og all handtering av prøva til den er klar for analyse. Dette inkluderer transport og oppbevaring av prøven inntil prøven er levert til laboratoriet. (Kjelde: Kommentrane til forureiningsforskrifta kap. 14)
Akkreditering	Akkreditering er ei offisiell godkjenning av ein organisasjons kompetanse og evne til å utføre bestemte oppgåver i samsvar med bestemte krav. I Norge er det Norsk Akkreditering som gir akkreditering. (Kjelde: Kommentrane til forureiningsforskrifta kap. 14)
Substitusjon/substitusjonsplikt	Substitusjon betyr erstatning. Substitusjonsplikta inneber at kvar enkelt verksemd må vurdere sin kjemikaliebruk og gå over til mindre skadelege alternativ der det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe. Alle verksemder som yrkesmessig brukar produkt som inneheld helse- og miljøskadelege kjemikalier, skal vurdere substitusjon.